

## Midtre Haram Storvald

Årsmelding 2015 - 11.driftsår

Første år i tredje driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Øystein Austnes	Kasserar
Even Otterlei	Sekretær
William Eidsvik	Styremedlem

I år har det vore halde 2 styremøter, eit jegermøte og årsmøtet. Sidan man kan oppdatere seg om status på jakta i storvaldet på heimesida og det i år har vore skutt ein del mindre dyr enn foregåande år vart det ikkje avholdt styremøter undervegs i jaktperioden.

Vi starta våren med vårteljing, som vanlig var datoane 15.april og 1.mai. Det vart ikkje observert noko særlig nedgang frå teljingane dei siste åra, men dyra hadde spreidd seg utover på en litt annan måte. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelta er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har kome inn i tide med eit unntak. Det er verre med sett hjort, vi har ei kjensle av at ikkje alle som jaktar bryr seg med å fylle ut desse skjema og leverer dei inn til jaktfeltleiar. Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal en forholde seg til dette. Styret oppfordrar jaktfeltleiarar til å ta tak i dette i årets jakt sesong. Om vi er flinke kan vi på sikt hente ut «Sett hjort per jegerdagsverk», «Sett kolle per bukk», «Sett kalv per kolle», «Sett spissbukk per eldre bukk» og «% av sett hjort som blir skoten» statistikk frå Sett Hjort.

Veret under jakta i 2015 var vel ganske likt noko ein kan kalle normalår. Stort sett bra ver fram til midten av november og ganske ruskete med mykje vind og nedbør fram mot lille julaftan. Frå mange

av jaktfelte vart det meldt om mindre hjort enn det jegerane har vore vande med å sjå, mange rapporterer inn at dei ser lite kalv.

I 2015 vart det felt 69 hjortar og 4 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 10 mindre enn 2014 sesongen, og 23 hjort mindre enn i toppåret 2013, men vi er likevel ikkje fryktelig langt unna målet på 80 dyr årleg i driftsplanperioden. Vi hører at det er mindre dyr også i nabojaktfeltene, men dette er også en del av målsetningen i driftsplanen, så det er liten grunn til panikk.

Under jakta 2015 hadde vi 2 ettersøk etter påskotne hjortar. Et dyr vart funnen omlag 60meter ifrå der det var skote, det andre var det ikkje spor etter og vart dermed «friskmeldt». Det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problem oppstår, uansett utfallet til ettersøket. Ettersøksjegerar var i år, som i fjor, Even Otterlei, Tor Johan Hatlehol og Torbjørn Frostad.


Når ein ser på snittvekter er det viktig å tenke på at vi streber etter å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvstakt innvirking på snittvektene.

Ein kan sjå at ein har rekordhøge vekter på spissbuk og kalv, dette kan tyde på at vi er på riktig veg, at vi ikkje er flinke nok til å skyte dei minste dyra eller en kombinasjon av desse.

Tabell for snittvekter:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5
2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5

## Årlig utviling på vekter:



Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Ein del av målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Det blir tydeligvis lagt merke til, og jeg blir oppringt, av jegerar og eldskjeler i og utanfor storvaldet at det har vore skote kanskje vel mange store koller i MHS. Man kan spekulere i om dette kommer av at det er færre dyr å velge mellom og at man derfor skyter det man har tilgjengelig, som gjerne er gode avlsdyr.

## Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2015	Kalv %	Kvige%	Kolle %	Bukk %
Skote	30	14	22	33
Mål	30	15	20	35

Samla kjøtutbytte av hjortejakta er 3365kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 252398.

Totalt i 11års perioden er det skote 849dyr.

Det er tatt ut ein kalv/ ungdyrprosent på 62, som er omtrent der det har vore dei siste åra.

Største bukken vog 106 kg, minste kalven vog 13 kg.

Kun eit fjorsdyr har vorte klassa ned til kalv i år.

To kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote.

Under jakta har styret kontrollert 8 felte dyr utan merknad.

Storvaldet har fått tildelt organisasjonsnummer 916 463 944 i Brønnesundsregisteret. Per dags dato har vi ikkje lov til å bruke dette til noe sidan søknaden fortsatt ikkje er innvilget.

Storvaldet har heimeside ”www.mih.no” som har blitt oppdatert nesten daglig gjennom heile jaktperioden. Dette koster både tid og pengar, så vi håper at folk nyttar seg av denne. Neste år ønsker vi enda meir bidrag av bilder, historier etc innsendt fra jegere og grunneigarar. Vi har fått gode tilbakemeldinger på dette, men det er sikkert rom for forbedringer, så styret oppmoder folk til å komme med konstruktive tilbakemeldinger.

2016 blir andre år i tredje driftsplanperioden

For styret i Midtre Haram Storvald  
Anders Engeseth Leine, leiar